Statens vegvesen
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

| Referanser: | Saksbehandlar: | Dato: |
|---|---|---|
| Dykkar: | Are Frøysland Grande | 08.02.2021 |
| Vår: 20/14807 - 21/6235 | are.froysland.grande@alver.kommune.no | |

# Oversender søknad til uttalelse - gbnr 186/2 Åse nordre

| | |
|---|---|
| Tiltak: | Oppføring av sagbruksbygg og landbrukshall |
| Byggjestad: | Gbnr: 186/2 |
| Tiltakshavar: | Arild Aase |
| Ansvarleg søkjar: | |

Saka gjeld søknad om oppføring av sagbruk og landbruksbygg. Området er omfatta av sone for bandlegging til framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen (H710).

Sagbruk og landbruksbygg er omfatta av omsynssone friluftsliv (H530_oL30) mens og omsynssone landbruk (H510_oF08) gjeld kun for området der det er planlagt sagbruk.

Tiltaket er ikkje nabovarsla sida tiltaket er plassert om lag 53,7 m frå midten av kommunal veg. Tiltaket vil ikkje påverka naboens interesser jf. pbl § 21-3.

**Planstatus**
Området der tiltakshavar ynskjer å føre opp sagbruksbygg ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-føremål.

Området der tiltakshavar ynskjer å føre opp landbrukshall ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som spreidd framtidig næringsbebyggelse LSN 7C. Det går fram under punkt 2.2.3 at det er krav om detaljregulering for området.

I tabell 1 går det fram fylgjande;

| | | | |
|---|---|---|---|
| LSN 7<br>Delområde A til C<br><br>LNF-spreidd næring | Åse<br>Område A:<br>3,6 daa.<br>Område B:<br>9,1 daa.<br>Område C:<br>14,8 daa | 27,5 daa | Område A: Gardsturisme, servering, matforedling, og sagbruk.<br>Område B: Driftsbygning og hestesenter, med stall og utstyrsbutikk.<br>Område C: Hundesenter.<br><br>Det kan etablerast parkeringsplassar innanfor område A, B og C. Som del av detaljplan for området skal det utarbeidast ein geologisk rapport. Eventuelle tilrådde sikringstiltak skal vere ferdigstilt før det vert gjeve igangsetjingsløyve. |

Tiltakshavar har ikkje søkt dispensasjon frå kravet til detaljreguleringsplan for plassering av landbrukshall. Kommunne har etterspurt dokumentasjon for søknad om dispensasjon

Grunngjevnad for dette går fram av brev datert 18.12.2020 i avsnitt for *«landbrukshall»* og *«punkt 1»*.

Sjå elles vedlagt dokumentasjon for meir informasjon om tiltaket.

**VURDERING**

Høyringa omfattar i hovudsak sone for bandlegging til framtidig trasé for E39 mellom Flatøy og Eikefettunnelen (H710).

Sida området også er omfatta av omsynssone friluftsliv (H530_oL30) og omsynssone landbruk (H510_oF08), er den også sendt på høyring til Alver kommune v/Landbruksavdelinga og Kulturavdelinga.

Aktuell dokumentasjon fylgjer søknaden.

**Frist**
Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

| | |
|---|---|
| Marianne Aadland Sandvik | Are Frøysland Grande |
| Avdelingsleiar | Rådgjevar |

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**
Situasjonskart Landbrukshall vedlegg 5
Fasade snitt og plan teikninger landbrukshall. Vedlegg 4
Situasjonskart sagbruk vedlegg 2
Oppdatert fasade plan og snitt sagbruk 2020. Veglegg 7.
Signert disp søknad Statens Vegevesen. Vedlegg 6
Tilleggsdokumentasjon - gbnr 186/2 Åse nordre
Uttale frå landbrukskontoret til oppføring av sagbruk med lagerverkstadkontor på gbnr 1862 Åse (653990) (5) Vedlegg 8
Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 186/2 Åse nordre

**Mottakarar:**

| | | | |
|---|---|---|---|
| Alver kommune | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |
| Alver kommune | Postboks 4 | 5906 | FREKHAUG |
| Statens vegvesen | Postboks 1010 Nordre Ål | 2605 | LILLEHAMMER |